




MEDBORGERNOTAT #7

«Ei oversikt over spørsmåla i *Meningsfelle-testen*»

Marta Rekdal Eidheim
Marta.Eidheim@uib.no
Universitetet i Bergen
August 2017



Digital Social Science
Core Facility



Ei oversikt over spørsmåla i «Meningsfelle-testen»

I samarbeid med Bergens Tidende har Norsk medborgerpanel laga ein test der deltakarar kan måle kva for veljarar dei er mest like¹. Dette notatet vil presentere korleis dei ulike veljargruppene stiller seg til dei åtte påstandane som er inkludert i testen. Desse fordelingane kan gi oss eit innblikk i kva som skil veljarane frå kvarandre på sentrale politiske dimensjonar. Spørsmåla er inkludert i testen nettopp fordi ein veit at synspunkt på desse sakene ofte viser forskjellane mellom ulike veljargrupper.

Kort om data

Sju av dei åtte påstandane er henta frå Norsk medborgerpanel runde 8 som var i felt mars 2017. I tillegg er ein påstand henta frå Norsk medborgerpanel runde 9 som var i felt i mai 2017. Spørsmål om kva parti respondentane vil stemme til hausten er også basert på runde 9. Dette betyr at ein i dette notatet tek utgangspunkt i stemmeintensjon, og ikkje kva respondentane faktisk stemte på i valet hausten 2013 (noko som er gjort i fleire av dei andre Medborgernotata).

Påstandane er i spørjeundersøkinga innleia med følgande forklaring: *Hvor enig eller uenig er du i følgjende påstand.*

Svaralternativa respondentane har kunne velje mellom er desse:

Svært enig

Enig

Noe enig

Verken enig eller uenig

Noe uenig

Uenig

Svært uenig

I dette notatet er det av omsyn til oversiktleg presentasjon slått saman kategoriar. I presentasjonen opererer vi med tre kategoriar «Einig» , «Verken enig eller ueinig», og «Einig». Kategorien «Einig» består av svara dei opphavelige kategoriane «svært enig», «enig» og «noe enig». Kategorien «verken enig eller uenig» er uendra. Kategorien «Uenig» består av dei tre opphavelige kategoriane «Noe uenig», «uenig» og «svært uenig».

¹ Testen kan ein finne her: <https://www.bt.no/nyheter/innenriks/i/KVw36/Hvilket-partis-velgere-likner-du-mest-pa>

Påstand 1: Staten bør bidra til å redusere inntektsforskjeller i samfunnet

Respondentane vert spurt om dei er einige i påstanden om staten skal bidra til å redusere inntektsforskjeller i samfunnet. Som vi ser av tabell 1 under, så er det eit fleirtal som er einig i dette i alle veljargruppene. Det er dermed ikkje særleg kontroversielt å meine dette i Noreg i dag. Likevel viser resultatane at går eit slags skilje mellom dei potensielle veljarane til dei to partia lengst til høgre i Stortinget og resten. Høgre og Frp sine veljarar har ein mindre andel som er einige i påstanden enn dei andre partia. Dette tyder på at dette spørsmålet, trass i at norske medborgarar er ganske samde om at staten skal vere relativt omfattande, skil veljarane frå kvarandre på ein klassisk høgre/venstre-akse.

Staten bør bidra til å redusere inntektsforskjeller i samfunnet.			
	Enig	Verken/eller	Uenig
AP	91	5	4
H	60	15	25
FRP	60	15	25
KRF	84	7	10
SP	86	8	6
V	82	8	9
SV	97	2	2
MDG	89	5	6
Annet	84	6	10

Tabell 1. Prosentfordeling av svar til påstanden. Norsk medborgerpanel runde 8 (2017)

Påstand 2: Folk bør arbeide hardt for å komme seg opp og fram ved egen innsats uten å regne med hjelp fra andre.

Respondentane har også vorte bedd om å ta stilling til påstanden om at folk bør arbeide hardt for å kome seg opp og fram utan å rekne med hjelp frå andre. I tabell to ser vi korleis veljarane fordeler seg i dette spørsmålet. Vi ser at Høgre og Frp har flest veljarar som er einige i påstanden, høvesvis 85 og 88 prosent. Deretter er Krf, SP og Venstre sine veljarar ganske like med litt over 60 prosent som er einige. Arbeiderpartiet har litt færre veljarar som er einige i påstanden enn dei tre sentrumspartia (54 prosent). MDG sine veljarar er mindre einige i påstanden enn Arbeiderpartiet sine. SV ser ut til å ha den veljargruppa som er minst einig i påstanden. Dette mønsteret i fordelinga hos partia tyder på at også dette spørsmålet er med på å skilje partia langs ein tradisjonell venstre/høgre-dimensjon.

Folk bør arbeide hardt for å komme seg opp og frem ved egen innsats uten å regne med hjelp fra andre.			
	Enig	Verken/eller	Uenig
AP	54	18	29
H	85	7	8
FRP	88	7	6
KRF	61	14	25
SP	62	13	25
V	62	13	24
SV	34	15	51
MDG	46	13	41
Annet	49	17	34

Tabell 2. Prosentfordeling av svar til påstanden. Norsk medborgerpanel runde 8(2017).

Påstand 3: Voldsforbrytelser bør straffes langt hardere enn i dag.

Vidare spør vi respondentane om dei er einige i påstanden om at valdsbrottsverk bør straffast langt hardare enn i dag. Dette viser seg å vere ein påstand ein stor del av respondentane er samde i. I alle veljargruppene er over 50 prosent einige i påstanden. Det er ikkje her ein finn dei største forskjellane mellom partiveljarane. Frp sine veljarar ser ut til å vere mest einige i påstanden, følgt av Høgre og deretter SP. Venstre, MDG og tydelegast SV har veljargrupper der færrest er einige i at vi må ha strengare straffer enn i dag. I og med at forskjellane ikkje er like tydelege mellom partia her, er det vanskeleg å seie at vi ser ei klar fordeling langs ein politisk dimensjon.

Voldsforbrytelser bør straffes langt hardere enn i dag			
	Enig	Verken/eller	Uenig
AP	78	14	8
H	89	8	3
FRP	94	4	1
KRF	73	18	9
SP	85	11	4
V	60	27	12
SV	56	21	23
MDG	60	22	19
Annet	70	17	14

Tabell 3. Prosentfordeling av svar til påstanden. Norsk medborgerpanel runde 8 (2017).

Påstand 4: Økonomisk vekst bør sikres gjennom utbygging av industrien selv om det kommer i strid med miljøinteresser.

Vi har også inkludert en påstand i undersøkinga om økonomisk vekst bør sikrast gjennom utbygging av industrien sjølv om det kjem i strid med miljøinteresser. Resultata i tabell 4 viser at det er Frp sine

veljarar som ser ut til å vere mest einige (74 prosent). Deretter kjem Høgre sine veljarar der 58 prosent er einige i påstanden. I resten av veljargruppene er fleirtalet ueinige i påstanden. Mest ueinige er MDG sine veljarar. SV- og Venstreveljarar er også stort sett ganske ueinige i påstanden. Denne fordelinga viser eit mønster kjent frå vekst/vern-aksen i norsk politikk.

Økonomisk vekst bør sikres gjennom utbygging av industrien selv om det kommer i strid med miljøinteresser.

	Enig	Verken/eller	Uenig
AP	31	15	55
H	58	14	29
FRP	74	9	17
KRF	21	14	65
SP	37	10	52
V	11	9	80
SV	8	5	88
MDG	3	2	94
Annet	26	12	62

Tabell 4. Prosentfordeling av svar til påstanden. Norsk medborgerpanel runde 8 (2017).

Påstand 5: Sentrale myndigheter tar for lite hensyn til utkant-Norge.

Den femte påstanden dreier seg om respondentane er einige i at sentrale myndigheiter tek for lite omsyn til utkant-Noreg. Vi ser at det i alle veljargruppene er eit fleirtal som er einige i påstanden. Blant veljarane til Venstre og Høgre er fleirtalet likevel noko mindre enn dei andre (høvesvis 51 og 52 prosent einige). Senterpartiet sine veljarar er ikkje uventa dei som er mest einige i påstanden; 95 prosent av veljarane er einige i den.

Sentrale myndigheter tar for lite hensyn til utkant-Norge

	Enig	Verken/eller	Uenig
AP	74	15	11
H	52	19	29
FRP	63	14	23
KRF	77	11	12
SP	95	2	2
V	51	19	29
SV	76	14	11
MDG	60	25	16
Annet	74	13	13

Tabell 5. Prosentfordeling av svar til påstanden. Norsk medborgerpanel runde 9 (2017).

Påstand 6: Heterofile og homofile par bør ha like rettigheter.

Den sjettede påstanden gjeld spørsmålet om heterofile og homofile par skal ha like rettår. Vi ser at også her er eit fleirtal i alle veljargruppene samde i påstanden. Mange av partia har her mellom 80 og 90 prosent oppslutning om påstanden. Dei tre partia som har ei mindre oppslutning enn dette er SP, Frp og KRF. Her er det først og fremst Krf som skil seg ut, der 52 prosent av veljarane er einige i påstanden og 37 prosent er ueinige i påstanden. Det er ikkje overraskande at desse partia, og særleg Krf, har meir verdikonservative veljarar enn resten av partia.

Heterofile og homofile par bør ha like rettigheter			
	Enig	Verken/eller	Uenig
AP	90	5	5
H	82	8	11
FRP	65	10	25
KRF	52	11	37
SP	77	9	15
V	94	3	3
SV	99	0	1
MDG	94	3	3
Annet	84	7	10

Tabell 6. Prosentfordeling av svar til påstanden. Norsk medborgerpanel runde 8 (2017).

Påstand 7: Europeisk integrasjon gjennom EU har gått for langt.

Påstanden om at europeisk integrasjon gjennom EU har gått for langt, er også inkludert i testen. Tradisjonelt er Senterpartiet kjent for å vere mest markant EU-motstandar av partia. Desse resultata viser derimot at det er blant Frp-veljarane det er størst semje om at europeisk integrasjon har gått for langt (88 prosent er einige). Blant Senterpartiet sine veljarar er 76 prosent einige i påstanden, noko som jo betyr at det er det partiet der nest flest er einige. Venstre sine veljarar er dei som er mest usamde i påstanden.

Europeisk integrasjon gjennom EU har gått for langt.			
	Enig	Verken/eller	Uenig
AP	48	28	24
H	62	19	19
FRP	88	7	5
KRF	51	32	17
SP	76	16	8
V	32	21	47
SV	41	25	34
MDG	36	26	39
Annet	60	19	21

Tabell 7. Prosentfordeling av svar til påstanden. Norsk medborgerpanel runde 8 (2017).

Påstand 8: Innvandring er en alvorlig trussel mot norsk kultur.

Den siste påstanden dreier seg om kor vidt respondentane er einige i at innvandring er ein alvorleg trussel mot norsk kultur. Ikkje uventa er det Frp sine veljarar som kjem ut som gruppa der flest er samde i denne påstanden; 92 prosent av veljarane er einige. Det er eit stykke ned til Høgre, der 62 prosent av veljarane er einige i påstanden. Vidare er det også i Senterpartiet si veljargruppe eit fleirtal som er samde i at innvandring utgjer ein alvorleg trussel mot norsk kultur. I resten av partia er eit fleirtal usamde i påstanden. Sterkast er motstanden i SV der 89 prosent er ueinige i at innvandring utgjer ein alvorleg trussel mot norsk kultur.

Innvandring utgjør en alvorlig trussel mot norsk kultur.			
	Enig	Verken/eller	Uenig
AP	28	12	60
H	61	12	27
FRP	92	4	4
KRF	34	10	56
SP	55	12	33
V	22	10	68
SV	7	4	89
MDG	21	10	70
Annet	36	10	54

Tabell 8. Prosentfordeling av svar til påstanden. Norsk medborgerpanel runde 8 (2017).